



VEST-TELEMARK INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD
Kviteseidgata 18
3850 KVITSEID

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tonje Katrine Vaage, 33371109

Fråsegn - høyring - rullering av handlingsplan - felles interkommunal klimaplan - kommunane i Vest-Telemark - Vinje - Seljord - Nissedal - Kviteseid og Tokke

Vi viser til oversending frå Vest-Telemarkrådet datert 02.07.2025.

Saka gjeld

Saka gjeld høyring og offentlig ettersyn av handlingsplan til klimaplanen for Vest-Telemark. Vest-Telemarkrådet vedtok i rådsmøte 4. februar å starte opp arbeidet med ein mindre rullering av handlingsplan til klimaplanen for Vest-Telemark. Målet med rulleringa er å prioritere og redusere talet på tiltak, slå saman liknande tiltak og vurdere nye tiltak etter ny kunnskap. Hovuddokumentet for klimaplanen for Vest-Telemark skal ikkje rullerast i denne prosessen.

Rolla til Statsforvaltaren sine fagavdelingar

Fagavdelingane til Statsforvaltaren skal sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, interessene og gravplassane til barn og unge. Statsforvaltaren skal arbeide for at Stortingets og vedtaket til regjeringa, mål og retningslinjer innan ansvarsområda våre blir følgt opp i kommunale og regionale planar.

Innspel frå Statsforvaltaren sine fagavdelingar

Innleiingsvis ønskjer vi å rose Vest-telemarkrådet med å ta initiativ til rullering av handlingsplan til klimaplanen. Ei jamleg rullering er viktig for å kunne oppdatere mål og tiltak i lys av ny kunnskap, og dessutan vurdere effekten av tidlegare punkt i handlingsplanen. Vi saknar derfor ei vurdering av tiltaka som er lista opp nedst i handlingsplanen som vart gjennomført førre periode, til dømes ei vurdering av kva tiltak som har hatt god effekt og som bør førast vidare.

Etter at klimaplanen og handlingsplanen vart vedteken har det komme nye føringar for kommunalt og regionalt klimaarbeid i reviderte Statlege planretningslinjer for klima og energi (SPR-klima, 2024). Retningslinjene stiller fleire nye krav til kommunane når det gjeld klimaarbeid i både den overordna klima- og energiplanlegginga til kommunen, og for arealplanlegginga. Det er viktig at rådet og



kommunane set seg inn i desse. I retningslinjene blir det slått fast at omsynet til klima, natur og energi skal ha høg prioritet i arbeidet til sektorane, og sjåast i samanheng, jf. kapittel 3. Vi minner om kunnskapskrava til kommunane i kapittel 4.1 punkt m-s og retningslinjene for overordna kommunal klima- og energiplanlegging i kapittel 4.2, inkl. punkt a om at kommunane i samfunnsplanlegginga si skal innarbeide ambisiøse og konkrete mål, tiltak og verkemiddel for klimaomstilling, og effektiv og fleksibel energibruk, i eiga verksemd og innan sitt geografiske område.

Om prioritering og konkretisering

Klima er eit breitt fagfelt som omhandlar og påverkar ei lang rekkje sektorar, organisasjonar, fagtema og satsingsområde i samfunnet. For å sikre ei god gjennomføring av dei nødvendige tiltaka for å nå klimamål og følgje opp klimaarbeidet satt i nasjonale føringar er det derfor veldig viktig at ein jobbar med å lage konkrete mål som er tilpassa kommunane sine rammer og føresetnader. Det er derfor svært positivt at det har vore eit fokus på prioritering og konkretisering av mål og tiltak ved rullering av handlingsplanen. Vi skulle likevel gjerne sett at handlingsplanen hadde eit tydelegare fokus på tiltak som har direkte innverknad på klimagassreduksjon. Til dømes er punktet om å auke kunnskapen om naturmangfald i regionen viktig, men vi ser gjerne at dette blir konkretisert til å primært gjelde naturmangfald som bidreg med viktige økosystemtenester som verker inn på å dempe effektane av klimaendringane. Vidare ser vi også at tiltak for å avgrense spreinga av framande artar kanskje er betre eigna for oppfølging i ein annan plan, slik som ein temaplan for bevaring av naturmangfald.

Vi merkar oss at punktet i handlingsplanen som gjeld myr er fjerna ved denne rulleringa, utan at vi kan sjå at dette er grunngitt. Myr og våtmark er viktige naturtypar å bevare i arbeidet med klima og klimatilpassing, både som karbonlager men og for si evne til å fordryge vatn og avgrense effektane av klimaendringane. Å kartleggje myrar, både eksisterande og myrar som har potensiale for restaurering, er eit godt konkret tiltak som vi gjerne skulle ha sett at blir inkludert i handlingsplanen. Dersom det er behov for rettleiing rundt bevaring og restaurering av myr er det berre å ta kontakt, så vil vi vere behjelpelege.

Vi ønskjer Vest-Telemarkrådet lykke til med det vidare klimaarbeidet.

Med helsing

Lene Ottersen
fungerande plansjef

Tonje Katrine Vaage
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat
Telemark fylkeskommune
Vest-Telemarkrådet
Vinje kommune

Postboks 5091 Majorstua
Postboks 2844

0301 OSLO
3702 SKIEN



Naturvernforbundet

Vest-Telemark

Nissedal, 19.09.2025

Til

Vest - Telemarkrådet

Høyringsvar – Klimaplan for Vest-Telemark.

Rullering handlingsplan.

Naturvernforbundet i Vest-Telemark (NVVT) vil starte med å rose det gode arbeidet som er lagt ned. Det er viktig å sikre at klimaplanen er eit levande dokument. Me meiner at utvalet av prioriterte tema i stor grad speglar kva for utfordringar og moglegheiter ein region som Vest-Telemark har, når det gjeld arbeidet med klima og berekraft. Me har mykje areal og forvaltar store naturverdiar. I ei verd der me allereie ser tydelege konsekvensar av at klima og natur er i endring, er det sær viktig å ta vare på intakt natur og eigen evne til å produsere mat.

I planarbeid er det alltid ei utfordring å gjere tiltak konkrete nok og målbare. Det gjeld nok særleg for ein plan som omfattar fleire kommunar, med noko ulik organisering. Me meiner likevel ein burde strekkje seg etter å setje meir forpliktande mål, med moglegheit for oppfylging. Eit forslag er at kommunane skal rapportere på alle tiltak i handlingsplanen i sine årsmeldingar, ved å fylgje det same oppsettet som er i dokumentet her.

NVVT minner også om at det fortsatt er satsing på hytteutbygging i fleire kommunar – og der må vere ei sterkare bevissthet i klimaplanen om korleis dette påvirkar klimaet. Her har Vest-Telemark utfordringar. Td. kan ein få inn eit punkt om planvask - i avsnittet om arealforvaltning

Me har forøvrig nokre konkrete innspel:

Arealforvaltning, mål nr 4: Informasjon om Natursats til innbyggjarar og interesseorganisasjonar.

Så vidt me kan sjå er Natursats ei tilskotsordning retta mot kommunar og fylkeskommunar. Ein kan søkje støtte til utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og revisjon av eldre arealplanar. Det kan vere meir relevant å nemne Natursats under kolonne Gjennomføring for mål nr 2, eventuelt nr 3.

Landbruk, mål nr 4: Stimulere til auka produksjon og sal av lokalmat i Vest-Telemark.

Under Gjennomføring kan ein gjerne føye til noko om å leggje til rette for og støtte opp om ulike former for utsal av lokalmat i kommunane. (Eit døme er «lokalbui» på Dalen, dette er eit samarbeid med turistkontoret. Eit anna døme er REKO-ringen Vest-Telemark.)

Landbruk, mål nr 6: Avgrense utbygging på dyrka mark i tråd med jordvernstrategien.

Her kan ordet «avgrense» bli byta ut med ordet «unngå». Me meiner at ein i tillegg bør seie noko om å unngå utbygging i utmark som er nytta til beite, då dette også handlar om å verne om grunnlaget for eigen matproduksjon.

Skogsdrift, mål nr 1: Ta initiativ til informasjonsmøte til skogbruket i høve berekraftig skogbruk (skogskjøtsel og ungsogpleie).

Ein bør utvide punktet ved å inkludere informasjon som gjeld omsyn til fugle- og dyreliv, unngå hogst i hekketida mv.

Det er viktig at aktørar med ulike ståstader er representert og kan bidra til gode diskusjonar rundt hogstformar, gamal skog og miljøstandardar.

Sirkulærøkonomi og avfall

Her er det mange gode tiltak. **NVVT** har erfaring frå å arrangere klesbytedag og er gjerne med på å realisere målsettingane.

Det er framleis eit problem med landbruksplast i naturen, særleg langs vassdrag. Rundt i bygdene finst det også mange eldre private avfallsplassar, som burde ha vore fjerna og rydda.

ENØK

Alt som står er vel og bra, men det blir generelt og uforpliktande. Det hadde vore spanande med meir konkrete tiltak og «gulrøtar», både for kommunale og private verksemdar. Kommunane kunne med fordel gå saman om ein fast rådgevar/pådrivar-funksjon. Kviteseid kommune har mykje erfaring frå gode prosjekt.

Etablering av store og særskildt energikrevjande datasentre er eit tema som bør bli diskutert seinare, i samband med revisjon av sjølve planen.

Overordna oppsummering:

NVVT oppfordrar til at klimaplanen vert meir konkret og forpliktande for alle 6 kommunane. Slik kan vi ta natur- og klimakrisa på alvor.

Det er opp til oss alle - om vi lykkast!

Helsing

Naturvernforbundet i Vest-Telemark

Torfinn Sanden

Innspill frå Kviteseid skogeigarlag til Handlingsplan for Klimaplan Vest-Telemark

Vurdering og forslag til forbedring

Samandrag

Kviteseid skogeigarlag har gjennomgått utkastet til "Handlingsplan for Klimaplan" og finn at planen er grundig og dekker mange relevante felt. Likevel meiner vi at planen kan bli meir effektiv og gjennomførbar gjennom:

- **Redusering av tiltak** frå ca. 35 til 15-18 overordna tiltak
- **Klarare prioritering** basert på klimaeffekt og gjennomførbarheit
- **Konkrete kvantitative mål** som kan målast og følgjast opp
- **Betre struktur** som gjer planen meir oversiktleg for dei som skal gjennomføre han

1. Overordna vurdering

Styrkar ved planen:

- God breidd som dekker alle relevante sektorar
- Bygger på eksisterande arbeid og prosjekt
- Har tydelegare ansvarsdeling enn mange andre klimaplanar

Utfordringar:

- **For mange og fragmenterte tiltak:** 35+ tiltak gjer planen uoversiktleg
- **Manglar kvantitative mål:** Vanskeleg å måle framgang utan konkrete tal
- **For mange "må vurderast i økonomibudsjett":** Gjer planen lite forpliktande
- **Manglar klimatilpasningstiltak:** Viktig for Vest-Telemark med mykje nedbør

2. Forslag til samanslåing og prioritering av tiltak

HØGASTE PRIORITET (skal gjennomførast):

A. Fossilfri kommunal mobilitet

Slå saman: Ladeinfrastruktur + fase ut fossile køyretøy + samkøyring

- **Konkret mål:** 80% fossilfrie kommunale køyretøy innan 2027
- **Tiltak:** Felles innkjøpsavtalar, prioritere køyretøy med høgast køyrelengde

B. Energieffektive kommunale bygg

Slå saman: ENØK + fornybar energi + smartstyring + materialval

- **Konkret mål:** 20% reduksjon i energiforbruk innan 2027
- **Tiltak:** Systematisk søking på ENØK-tilskot, krav om trebygg i anbudsgrunnlag

C. Arealrekneskap og klimasmart planlegging

Slå saman: Arealrekneskap + naturmangfald + økosystemtenester

- **Konkret mål:** Alle kommunar tek i bruk arealrekneskap innan 2026
- **Tiltak:** Felles fagdag, hindre utbygging på karbonrike område

MEDIUM PRIORITET (bør gjennomførast):

D. God agronomi og berekraftig jordbruk

Slå saman: Agronomi-prosjekt + lokalmat + beitebruk + jordvern

- **Tiltak:** Følgje opp eksisterande prosjekt, fremje lokale innkjøp

E. Sirkulærøkonomi og avfallsreduksjon

Slå saman: Alle avfalls- og ombrukstiltak

- **Konkret mål:** 50% reduksjon i restavfall per innbyggjar innan 2027
- **Tiltak:** Felles fagkveldar, ombruksstasjonar, matsvinnreduksjon

F. Grønne offentlege innkjøp

Slå saman: Behovsvurdering + miljøkrav + opplæring

- **Tiltak:** Rutine for behovsvurdering, felles kurs mellom kommunane

LÅG PRIORITET (kan gjennomførast om ressursar tillèt):

G. Berekraftig skogbruk

- **Tiltak:** Informasjonsmøte, vern av høgbonitetsskog i planarbeid

H. Informasjon og mobilisering

- **Tiltak:** Ryddeaksjonar, byttedagar, kompostering

3. Nye tiltak basert på oppdatert kunnskap

Klimatilpassing (manglar i noverande plan):

- **Flom- og skredførebygging:** VA-planlegging for ekstremnedbør
- **Vassforsyningstryggleik:** Beredskap for tørkeperiodar
- **Grøn infrastruktur:** Naturbaserte løysingar i tettstadar

Tverrgåande styringsverktøy:

- **Klimabudsjett:** Alle kommunar lagar årlege klimabudsjett
- **Klimascreening:** Vurder klimaeffekt av alle investeringar > 1 mill. kr
- **Klimapakt:** Samarbeid med lokalt næringsliv om utsleppsreduksjon

Digitalisering:

- **Digital første-strategi:** Reduser fysiske møte og reiser
- **Smart teknologi:** Sensorar for energi- og vassforbruk

4. Forslag til ny struktur

Frå 6 til 4 hovudområde:

1. **Fossilfri mobilitet og energieffektive bygg** (høgaste prioritet)
2. **Klimasmart areal- og ressursforvaltning** (inkl. jord- og skogbruk)
3. **Sirkulærøkonomi og grønne innkjøp**
4. **Klimatilpassing og tverrgåande styringsverktøy**

Implementeringsstrategi:

- **År 1-2:** Transport og energi (rask effekt)
- **År 2-4:** Areal og sirkulærøkonomi (langsiktig effekt)
- **Kontinuerleg:** Kompetanseutvikling og oppfølging

5. Styrka oppfølging og måling

Konkrete kvantitative mål:

- 80% fossilfrie kommunale kjøretøy innan 2027
- 20% reduksjon i energiforbruk i kommunale bygg innan 2027
- 50% reduksjon i restavfall per innbyggjar innan 2027
- Alle kommunar tek i bruk arealrekneskap innan 2026

Årleg rapportering:

- Klimagassrekneskap for kvar kommune
- Fremdriftsrapport på prioriterte tiltak
- Kostnad-nytte vurdering av gjennomførte tiltak

Regional koordinering:

- Halvårlege koordineringsmøte mellom kommunane
- Felles innkjøpsavtalar der det er hensiktsmessig
- Deling av beste praksis og erfaringar

6. Konklusjon og tilrådingar

Den noverande planen har eit godt fundament, men vil bli meir effektiv med:

- ✓ **Færre, men meir konkrete tiltak** (frå 35 til 15-18 hovudtiltak)
- ✓ **Kvantitative mål** som kan målast og følgjast opp
- ✓ **Klarare prioritering** basert på klimaeffekt og gjennomførbarheit
- ✓ **Realistisk økonomisk dimensjonering** med mindre "vurderast i budsjett"
- ✓ **Klimatilpasningstiltak** som er viktige for regionen
- ✓ **Styrka regional koordinering** og kompetansedeling

Dette vil gi ei meir fokusert og gjennomførbar klimaplan som kan levere verkelege klimakutt for Vest-Telemark.

Kontaktinformasjon:

Kviteseid skogeigarlag
Einar Heggteit
einar@heggteit.no

Dokument utarbeidet: 4. juli 2025

Fra: Andreas Valebjørg[andreas@valebjorgdesign.no]

Sendt: 17.09.2025 20:28:15

Til: Anne-Sofie Bergene Strømme[anne-sofie.bergene.stromme@vinje.kommune.no]

Tittel: Naturmangfold og kantslått

Hei!

Jeg håper denne mailen kommer til rett person💎💎

Jeg har i mange år vært veldig engasjert i naturmangfoldet, og det å begrense svartelistede arter.

Vi i Fyresdal prøver å få til en ordning der vi kan øke det biologiske mangfoldet samtidig som vi reduserer de svartelistede artene.

Jeg har her noen forslag som jeg har tenkt på en stund og håper du har mulighet til hjelpe oss med dette💎💎

Jeg forstår at det er mange veier som skal kantslås i løpet av et år og at dette er en logistisk utfordring. Nå blir det slått langs vegene tidlig på våren og på seinsommeren. Etter min mening så trenger man bare å slå det med de store kantslått maskinene en gang på seinsommeren/ høsten. Da får alle slags insekter, blomster og planter en stor mulighet til å dra nytte av hverandre. Og gresset blir ikke høyere en at man ser dyr som står langs vegen. Lupiner har også her begynt å bli et problem, men det fult mulig å stanse det nå. Ved at man for eksempel har en mann med en håndholdt kantklipper/ ryddesag som kjører langs veiene en gang på våren og en gang på sensommeren å kutter ned alt av lupiner og andre svartelistede arter. Når man tar de to ganger i året rekker de ikke å utvikle frøkapslene. Det største problemet med slik det gjøres nå er lupinene utvikler frøkapslene til de blir helt moderne og så kommer kantklippe maskinene og sprer frøene i alle retninger. Så jeg er bekymret for at det kommer til å se ut som en blålilla smurfelandsby her om få år💎💎

Jeg graver opp og kutter ned mange lupiner i løpet av året, men det er en smule frustrerende å se at det sprer seg i en slik fart når det er en enkel løsning på problemet💎💎

Med vennlig hilsen,

Andreas Valebjørg

Valebjørg Design AS

Tlf: 922 99 287

www.valebjorgdesign.no

Instagram: @valebjorgdesign.no

Facebook: Valebjørg Design

Innspel til Klimaplanen/handlingsplanen

Kantslått

Kommunane må krevje av fylket at dei lagar kontraktar med Vegvesenet om ikkje å ha kantslått før tidlegast 1. september.

Vegvesenet har kontrakt med fylket om det dei skal gjennomføre i løpet av hausten. Det medfører eit press som gjer at kantslått startar altfor tidleg.

I eit langsiktig perspektiv må ein prioritere: Kva er viktigast – å rekkje ulike tiltak før vinteren set inn **eller** å take vare på vekstar som er viktige for insekt og fuglar. Det er bevisleg blitt færre insekt, og som vi alle veit, er vi avhengige av insekta for pollinering. Og pollinering er essensielt for at vi skal få mat.

Fuglane treng både frø og insekt. Til dømes er tårnfalken og svalene heilt avhengige av insekt. Blomen blåknapp blømer seint (kan stå til ut i september), og frøa er svært næringsrike for fuglane. (Ein liten kuriositet: Det finst ei humle som er heilt avhengig av blåklokke).

Det er viktig å sikre frøsetjing for alle dei «alminnelege» villblomane våre – ikkje berre for dei sjeldne. Om vi held på med å slå ned blomane før dei får frøsett seg, vil dei «alminnelege» etter kvart bli sjeldne.

Om ein utset kantslått til september, er det avgrensa kor høge potensielle buskar/tre blir fram til fyrste kantslått om våren / tidleg sommar. Om den fyrste kantslått må takast, må ein forvente at det berre er desse høge vekstane OG lupinen som blir tekne ut.

Dei som driv med kantslått, må ha såpass kunnskap (ev. kursing) om vekstane slik at dei kan vurdere å heve «klyppearmen» på maskina høgare – over dei tidlege blomane. Og i andreslått bør ein klare å styre unna seintblømande vekstar, som til dømes blåknapp.

Skogen

Det er ein grunn til at det er forbode å jakte om våren – det veit vi alle. Nytt liv må få ro og fred til å vekse opp. Kvifor gjeld ikkje det fuglelivet også? Det er tusenvis av fugleliv som gjeng tapt i kjølvatnet av hogstmaskinane.

Kommunane må raskt jobbe mot at det blir forbode å drive hogst i hekketida.

Til slutt

Det trengst bevisstgjerings og kunnskap blant politikarar og «folk flest» om kor viktig dette er!

Helsing Anne Skomdal Valebjørg

Fra: Thor Lars Christiansen[thor.christiansen@vinje.kommune.no]
Sendt: 27.08.2025 15:44:26
Til: Anne-Sofie Bergene Strømme[anne-sofie.bergene.stromme@vinje.kommune.no]
Tittel: SV: Felles klimaplan for Vest-Telemark - høyring

Hei

Dette gjelder gjelder samarbeidsprosjektet AGRILAND+ (Hvordan bedre bruken av Norges ubenyttede jordbruksarealer), finansiert av Norges forskningsråd, hvor Vinje kommune er partner.

Sjå vedlagt intensjonsavtale

Se ellers vedlagt

Med helsing

Thor Christiansen,
Vinje kommune

Frå: Anne-Sofie Bergene Strømme <anne-sofie.bergene.stromme@vinje.kommune.no>
Send: tirsdag 26. august 2025 14:43
Til: Gry Åsne Aksvik <gry.aasne.aksvik@vinje.kommune.no>; Knut Martin Edland <knut.martin.edland@vinje.kommune.no>; Åsne Skjøtskift Øygarden <Asne.Skjotskift.Oygarden@vinje.kommune.no>; Turid Opsund <Turid.Opsund@vinje.kommune.no>; Arne Midtgarden <arne.midtgarden@vinje.kommune.no>; Ove Geir Nevestveit <ove.geir.nevestveit@vinje.kommune.no>; Solveig Ullebust Hagen <solveig.hagen@vinje.kommune.no>; Thor Lars Christiansen <thor.christiansen@vinje.kommune.no>; Per Wraa <per.wraa@vinje.kommune.no>; Silje Hagen <silje.hagen@vinje.kommune.no>; Kjetil Midtgarden Vaagen <kjetil.vaagen@vinje.kommune.no>; Tone Nervold Midtbø <tone.midtbø@vinje.kommune.no>; Kjell Negarden <kjell.negarden@vinje.kommune.no>; Erland Tveiti <Erland.Tveiti@vinje.kommune.no>; Sigrid Breiseth <sigrid.breiseth@vinje.kommune.no>
Emne: Felles klimaplan for Vest-Telemark - høyring

Hei, syner til gjennomgang på samarbeidsmøte 26.08.25. Vedlagt ligg dokumentet som er på høyring. Frist for innspel er 19 september, innspel kan sendast på e-post til meg.

Kom gjerne med innspel på kva som er gjennomført i førre periode, innspel frå møte i dag var blant anna Prosjektet Ljos i gamle hus og eit pilotprosjekt om å ta i bruk landbruksareal som ligg brakk.

Lenke - <https://vest-telemark.no/aktuelt/nyhetsarkiv/2025-07-02-hoyring-og-offentleg-ettersyn-----klimaplan-for-vest-telemark>

Med helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

plan- og miljørådgjevar

📞 48118429

✉ anne-sofie.stromme@vinje.kommune.no



Det er ikkje tillatt å bruke e-post til teiepliktig informasjon jf. forvaltningslova § 13 og/eller sensitive personopplysningar jf. personopplysningslova. All e-post til og frå Vinje kommune er i utgangspunktet journalpliktig etter arkivlova, og vil kunne vera eit offentleg saksdokument som andre kan få innsyn i etter reglane i offentleglova.



Miljøfyrtårn®

Fra: Silje Hagen[silje.hagen@vinje.kommune.no]

Sendt: 27.08.2025 12:12:08

Til: Anne-Sofie Bergene Strømme[anne-sofie.bergene.stromme@vinje.kommune.no]

Kopi: Thor Lars Christiansen[thor.christiansen@vinje.kommune.no];

Tittel: Innspel til høyring handlingsplan for Klimaplan i Vest-Telemark

Hei,

Veldig bra at du tok opp denne planen i møtet i går, og at det framleis er ope for innspel.

Som du noterte i går, er det greitt å få med pilotprosjektet Ljos i gamle hus som gjennomført - men arbeidet vil bli ført vidare, med lokal tilpassing, så kanskje fint å få med det også?

Har desse betrakingane og innspela til handlingsplanen:

Under temaet **Auka verdiskaping og berekraftig jordbruk:**

-ei betraking: om ein skal arrangere fagkveld kring denne tematikken i Vinje, hugs at her kan eg vera med å bidra, til dømes mtp kontakt med huseigarar og interessentar/potensielle tilflyttarar. Det er mange med interesse for småbruk og sjølvforsyning, og slike fagkveldar kan også fungere som ein fin møteplass også for interessentar/potensielle tilflyttarar.

Under temaet **Sirkulærøkonomi og avfall:**

- Kunne tenkt meg eit tiltak som handlar om å **oppmode huseigarar til å ta vare på eldre bygg**, dette gjeld særskild bygningar frå før 1950/60 talet, som har ein annan materialkvalitet enn åra etter. Som gjennomføring, kunne ein tenkt at kommunane arrangerer ein **informasjonskveld** i året, der bygningsvern og gjenbruk er fokus. Eventuelt i **samarbeid med fagkveld knytt til sirkulærøkonomi?** Huseigarar kan få rådgjeving og tips knytt til kva moglegheiter dei har for å ivareta gamle hus. Dette handlar ikkje om verna hus, men hus og bygningar som folk personleg ynskjer å ta vare på. Å ta vare på gamle hus er god sirkulærøkonomi i praksis, og ein kan bidra til å oppnå målet om nettopp «frå verdilaust til verdifullt»

- når det gjeld å «opprette ombruksordning på renovasjonsstasjonane» - vil dette også gjelde til dømes gamle vindauge og ana bygningsmateriell?

Det var det så langt 💎💎

Med helsing

Silje Hagen

Vinjelos

Prosjektleder *Ljos i gamle hus i Vinje*

☎ 46 88 88 96

✉ silje.hagen@vinje.kommune.no





Det er ikkje tillatt å bruke e-post til teiepliktig informasjon jf. forvaltningslova § 13 og/eller sensitive personopplysningar jf. personopplysningslova. All e-post til og frå Vinje kommune er i utgangspunktet journalpliktig etter arkivlova, og vil kunne vera eit offentleg saksdokument som andre kan få innsyn i etter reglane i offentleglova. Om du skal sende noko som inneheld sensitive opplysingar, må du nytte [eDialog](#).